



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen 3. etg rådhuset i Måløy
Dato:	08.02.2024
Tid:	Kl. 10:15 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Jan Gunnar Holvik	INP
Lillian Bratholmen	INP
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H
Mats Brunsvik	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Ørjan Kvalheim	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Bente Nilsen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Anett Berg	Kinn H	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H
Håkon Skram Heggen	Kinn H	Siri Sunde	Kinn H
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt	Kent Hammersvik	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP	Oddvar Endestad	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP	Jon Asle Svår	Kinn SP
Anne Marit Seljeseth	Kinn V	Hilmar Eliasson	Kinn V

Møtenotater:

Jacob Nødseth forfall frå møtestart til kl. 11.40. Torstein Hagen tiltredde som vara.

Andre som møtte:

Kjell Heggen, leiar i kontrollutvalet

Vilde Johannesen, ordførar ungdommens kommunestyre

Mona Camilla Kvalheim, Link Arkitektur

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen

Rolf Bjarne Sund

Norunn Stavø

Runa Nybakk

Elin Sørbotten

Kristin Maurstad

Ragnhild Holm

Linda Larsen

Iris Gangeskar

Frida Rogne

Orienteringssaker:

1. Bakgrunnen og utgreiingsarbeidet som er gjort med tanke på demografi, institusjonsbehov framover
2. Reguleringsplan arbeidet, samhengane mellom prosjekt/utvikling av området mellom barneskulen og FLOMS korleis er dette sett i samheng med punktet over
3. Moglegheitsstudie FLOMS
4. Planane for ny institusjon, samlokalisering av helse/velferdstenester med fokus på framtidas helseteneste i området

Florø, 09.02.2024

Bengt Solheim-Olsen

Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/24	Godkjenning av møteprotokoll
003/24	Sluttbehandling - Detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring, PlanID 20210112
004/24	Sluttbehandling - Detaljregulering "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101
005/24	Gebysatsar 2024 renovasjon
006/24	Gjenopning av kjøkken i Måløy
007/24	Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune
008/24	Vedtak om forskrift for skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune
009/24	Kinn kommune sitt innspel til KS debatthefte 2024
010/24	Søknad om fritak som 2. vara til Kinn kommunestyre
011/24	Ny varaliste for AP i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet
012/24	Møteplan 2024 - Endring
013/24	Handlingsplan råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Kinn kommune
014/24	Refererte skriv og meldingar
015/24	Spørsmål
001/24	Spørsmål til kommunestyret 08.02.2024 - Praksis ved korttidsopphold etter utskrivelse fra spesialisthelsetjenesten mv.
016/24	Interpellasjonar
001/24	Interpellasjon til Kinn kommunestyre 08.02.2024 - Treplan og forvaltning av bytre i Kinn kommune
017/24	Høyring - Ny lov om offentlege anskaffingar



Saksnr.	Utval	Møtedato
001/24	Kommunestyret	08.02.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 001/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

Godkjenning av innkalling:

Merknad om at møte vart flytta frå Florø til Måløy,
Ordførar informerte at ein i framtida ikkje vil flytte på møtene utan at kommunestyret er involvert i det.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 001/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
002/24	Kommunestyret	08.02.2024

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 002/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

Silje Ødegård Standal orienterte om at det er feil parti på Marie Øvreås Jensen i protokoll. Administrasjonen rettar opp.

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 002/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 12.12.2023



Arkiv: PlanID-20210112,
PlanNamn-
Skårastranda, gbnr
318/2 mfl, næring,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-318/2
JournalpostID: 23/51947
Sakshandsamar: Janicke Svendal
Dato: 14.12.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
096/23	Plan- og miljøutvalet	19.12.2023
003/24	Kommunestyret	08.02.2024

Sluttbehandling - Detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring, PlanID 20210112

KOST- 003/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, med plankart og føresegner sist datert 12.12.2023, planomtale med Konsekvensutgreiing datert 04.10.2023, ROS-analyse datert 12.09.2023.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringsar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av følgjande plan:

- Eldre reguleringsplan for Rv 617 Måløy-Raudeberg, PlanID 1439200503.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 19.12.2023

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, med plankart og føresegner sist datert 12.12.2023, planomtale med Konsekvensutgreiing datert 04.10.2023, ROS-analyse datert 12.09.2023.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringsar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av følgjande plan:

- Eldre reguleringsplan for Rv 617 Måløy-Raudeberg, PlanID 1439200503.

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, med plankart og føresegner sist datert 12.12.2023, planomtale med Konsekvensutgreiing datert 04.10.2023, ROS-analyse datert 12.09.2023.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av følgjande plan:

- Eldre reguleringsplan for Rv 617 Måløy-Raudeberg, PlanID 1439200503.

KVA SAKA GJELD

Nordplan AS (plankonsulent) har på vegne av Skårastranda AS (forslagsstillar), utarbeidd framlegg til privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112. I gjeldande kommuneplanen (2002), er stor del av området sett av til framtidig industri, og i forslag til ny arealdel til kommuneplan (på offentlig ettersyn), er næringsareal i forslag til detaljregulering i all hovudsak innarbeidd.

Utarbeidd Konsekvensutgreiing viser at tiltaket har stor negative konsekvens for naturmangfald, og noko negativ konsekvens for landskap og forureining, medan konsekvens for kulturminne/-miljø og friluftsliv/strandsone er vurdert som ubetydeleg.

Kommunen har vurdert at interessemotsetnadene i planområdet står mellom negative konsekvensar for naturmangfaldet og landskap på den eine sida, og positive samfunnsmessige konsekvensar i form av direkte/indirekte omsetning og sysselsetjing gjennom areal som blir tilgjengeleggjort for næringsformål.

Ved høyring er det komen kritiske merknader til tiltaket av omsyn til miljøskade, samt at klima og samla økologisk konsekvens ikkje er utgreidd. Det er og komen motsegn som gjeld manglar vedk. områdeskred for kvikkleire.

Fareområde for områdeskred er no tatt inn i revidert plankart og føresegn. I tillegg er skredfare i forhold til infrastrukturtiltak presisert i reviderte føresegner, samt at det er innarbeidd forsterka rekkjefølgjekrav. På bakgrunn av dette har NVE trekt motsegna, jf. brev datert 13.12.2023, og planen kan såleis vedtakast av kommunestyret.

INNLEIING

Planforslaget

Forslag til Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, er motteke frå Nordplan AS på vegne av Skårastranda AS. Planforslaget som skal behandlast, består av

- Reguleringsføresegner datert 04.10.2023, sist revidert 12.12.2023

- Plankart i målestokk 1:1000 (A1), datert 04.10.2023, siste revidert 12.12.2023
- Planomtale med konsekvensutgreiing, datert 04.10.2023
- V03 ROS-analyse, datert 12.09.2023
- V04 VAO rammeplan Skårastranda, datert 09.05.2022
- V05 Notat vegløsninger Skårastranda, datert 12.09.2023
- V06 Vegprofilar Skårastranda, datert 10.03.2023
- V09 Marinarkeologiske registreringer Skårastranda, rapport datert 08.04.2022
- V10 Skårastranda Miljøgeologisk sedimentundersøking, datert 17.08.2022
- V12 10244036-02-RIA-RAP-001-Støyutredning -Skårastranda, datert 30.05.2022
- V13 Faglig vurdering av påvirkning på naturmangfold, datert 08.04.2022
- V14 10244036-RIG-RAP-002_rev00 - Vurdering av områdestabilitet, datert 23.06.2023
- V15 10244036-RIG-RAP-003_rev00 - Geoteknisk vurdering reguleringsplannivå, datert 25.08.2023
- Dokumentasjon uavhengig kontroll geoteknikk/områdestabilitet
- Kartlegging av tareskog- og skjellsandforekomster på utvalgte lokaliteter, Rapport datert 02.12.2021

Formålet med reguleringa/omreguleringa

Formålet med reguleringa/omreguleringa er å leggje til rette for utviding av ei eksisterande fylling i sjø og etablering av kaianlegg og næringsområde i sjø og på land. Eksisterande verksemdar har behov for utviding, i tillegg til behov i kommunen for meir sjøtilknytt næringsareal. I samband med bygginga av Stad skipstunnel, er Skårastranda peikt ut som ein av fleire lokalitetar for deponering av overskotsmassar frå tunnelen.

Planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiing.

Forhold til overordna planar og gjeldande reguleringsplan

Kommuneplanens samfunnsdel: Visjonen i gjeldande samfunnsplan (2020) er «handlekraft på kysten», der eit variert, framtidsretta og innovativt næringsliv er eitt av hovudmåla. Sjøtilknytt næringsverksemd fell inn under satsingsområda i samfunnsdelen. Ny samfunnsplan er i prosess, men er ikkje vedteken lagt på høyring pr. dd.

Kommuneplanens arealdel: I gjeldande arealdel til kommuneplanen (2002), er store delar av området sett av til framtidig industri, men med mindre omfang enn planforslaget legg opp til.

I forslag til ny arealdel til kommuneplan (2023), er næringsareal i forslag til detaljregulering i all hovudsak innarbeidd i kommuneplanen (NÆ007). Ved offentleg høyring av kommuneplanens arealdel, kom det inn merknader til omfang og konsekvens for det føreslegne næringsarealet.

Temaplan trafikktrygging 2021-2030: Gjennom denne temaplanen (2021), har kommunen vedtatt fleire satsingsområde for å redusere ulykker/uhell i trafikken, som m.a. knyt seg mot samanhengande gangnettverk, betre tilgjengelegheit til kollektivknutepunkt og universell utforming. Det er etablert gang-/sykkelveg langs Fv617, og som er innarbeidd i detaljplanforslaget.

Temaplan Klima, berekraft og naturmangfald 2021-2032: Gjennom denne temaplanen har kommunen vedtatt innsatsområde m.a knytt mot naturbasert klimatilpassing (bevaring, restaurering) og arealbruk og transport (fortetting, trafikk, hamn). Planlagt næringsområde i Skårastranda strir mot innsatsområdet klimatilpassing med bevaring og restaurering, då tiltaket inneber nedbygging av naturverdiar og art med karbonbindingsegenskapar. På den andre sida samsvarar tiltaket med innsatsområdet transport med fortetting ved at det er nært Måløy sentrum og med gang-/sykkelveg og

tilgjenge via kollektiv transport (kantbusstopp ved planområdet).

Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande eldre reguleringsplan for området er Rv 617 Måløy-Raudeberg av 29.06.2005, PlanID 1439200503. Denne viser tilrettelegging for industri med utfylling av areal i sjø, der utfyllt areal er av mindre omfang enn nytt planforslag legg opp til. Ny plan vil endre/opphøve delar av den eldre gjeldande reguleringsplanen

Førstegongsbehandling

Planforslaget blei førstegongsbehandla av Plan- og miljøutvalet den 20.10.2023, sak 074/23. Utvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentlig ettersyn.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 31.10.2023 – 12.12.2023. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det er komen inn totalt 8 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg i saka (merknadsvurdering).

Motsegner

NVE har varsla motsegner til planen. Denne må avklarast før kommunestyret kan vedta reguleringsplanen.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

VURDERING

Kommunen har gjennom planprosessen vurdert at dei største interessemotsetnadene i planområdet står mellom negative konsekvensar for naturmangfaldet og landskap på den eine sida, og positive samfunnsmessige konsekvensar i form av direkte/indirekte omsetning og sysselsetjing gjennom areal som blir tilgjengeleggjort for næringsformål. Sjøtilknytt næringsverksemd er eit sentralt satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel, og følgt opp i forslag til ny arealdel. Dei positive effektane er knytt til at ein oppnår utvidingsmoglegheiter for eksisterande bedrifter på Skårastranda og samtidig oppnår ein framtidig reserve av sentrumsnært næringsareal med god veginfrastruktur og moglegheit for kai. Å oppnå ein framtidig reserve har vist seg vanskeleg då fleire av dei store aktørane i området bygger ut bit for bit til eige føremål, utan at dette gir tilgang ledige areal for nyetablering eller verksemdar med endra arealbehov. Skårastranda legg til rette for næringstomter for sal, og opnar derfor for fleire ulike aktørar som ikkje har tilgjengeleg areal andre plassar.

For å kunne kome i posisjon for mottak av masser frå Stad skipstunnel-prosjektet, har Kystverket sett frist til planavklaring rundt årskiftet 2023/2024.

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.

Motsegner

Det er gjort endringar i planforslaget for å rette seg etter motsegna frå NVE. Motsegna er no trekt (sjå vedlegg til saka), og kommunestyret kan gjere endeleg planvedtak.

Naturmangfald og klima:

Tiltaka i planen vil i følgje rapport frå Norconsult i 2021 (vedlagt), føre til at den økologiske funksjonen til den registrerte tareskogførekomsten i Ulvesundet som heilheit vil reduserast med om lag 20 %. Rapporten frå Rådgivende Biologer (vedlagt)

understrekar at tiltaka i planen vil bidra ytterlegare til reduksjon av leveområde for marine artar og ei ytterlegare belastning på økosystema, og er ilagt betydeleg vekt. Det er og vist til at lokaliteten ved Skårastranda er den største av lokalitetane i Ulvesundet, og at planforslaget vil innebære 50% reduksjon av denne. I tillegg vil tiltaket innebære nedbygging av Leistholmen som i dag har funksjon som beiteområde for raudlistearta fugl, samt at hjortetrekk over Ulvesundet kan bli påverka.

Statsforvaltaren har i denne saka ikkje fremma motsegn, men har kome med særskilte sterke kritiske merknader til planframlegget basert på tiltaket sin betydelege miljøskade for stortareførekomst og at planforslaget manglar viktige belysning av tap av stortare sin effekt for klima ved å ta vekk ein viktig karbonbindar, saman med at det ikkje ligg føre kunnskap om tiltaket sin samla påverknad av økologien i Ulvesundet. Dei peiker på at planarbeidet manglar undersøking av utfyllinga sin påverknad av straumtilhøvet på staden og såleis også påverknad av økologien for ein større del av Ulvesundet. Dei manglande utgreiingane/undersøkingane ville, saman med utførte undersøkingar, vore viktig grunnlag for vurdering av alternative løysingar for utfylling.

Kommunedirektøren ser i ettertid at det burde vore stilt krav om konsekvensutgreiing av tiltakets påverknad for klimautslepp. Stortare ei ein viktig karbonbindar, mykje på same måte som myr er det på land, og fjerning av stortare vil frigjere CO₂ og dermed gi negativ klimaeffekt. Basert på utført konsekvensutgreiing for naturmangfald, som viser betydeleg miljøskade grunna vesentleg reduksjon av stortare, finn ein det sannsynleg at tiltaket vil gje betydeleg miljøskade også for klimautslepp.

Kommunedirektøren ser og at det i ein tidleg planfase burde vore stilt krav om undersøking av tiltaket sin påverknad i høve straumtilhøve, då fyllinga mellom anna vil kunne øydeleggja det naturlege straumtilhøvet på staden, og dermed også kunne få konsekvensar for økologien for ein større del av sundet enn akkurat i tiltaksområdet. Då det ut frå dei samfunnsmessige sidene ved saka er viktig med framdrift i vedtaksprosessen, har ein vurdert at rekkjefølgjekrav for gjennomføring av slik undersøking, saman med krav om innarbeiding av avbøtande tiltak i detaljprosjekteringa, vil kunne delvis imøtekomme mangelen i planarbeidet. Forslag til rekkjefølgjekrav vil ikkje fullt ut erstatte utføring av undersøking/analyse i forkant av vedtak, men vil kunne bidra til å redusere dei negative verknadene av tiltaket for naturmangfald.

Tiltaket sin samla negative verknad for naturmangfald, miljø og klima, må basert på ovannemnde, reknast som større enn kommunen i sin tidlegare handsaming har forutsett. På fagleg grunnlag burde desse forholda vore utgreidd og vurdert i tidleg planfase og før offentleg ettersyn. Administrasjonen vurderer at forslag til innskjerping av krav i føresegnene, vil kunne redusere tiltaket sin verknad noko.

Endringar etter førstegongsbehandling

Etter førstegongsbehandling/offentleg høyring er motsegn imøtekomme ved at:

- Faresone for områdeskred av kvikkleire er innarbeidd på plankart (H310_3 og _4) med tilhøyrande føresegner under pkt. 4.1, a.3), kulepkt. fire.
- Multiconsult sine rapportar knytt til vurdering av områdestabilitet og geoteknikk, er gjort juridisk bindande

Ellers er det gjort følgjande endringar/innstrammingar i vedlagde føresegner, (vist med raud skrift):

- Pkt. 4.1, a.3), kulepkt. tre; skredfare i forhold til infrastrukturtiltak er presisert
- Nytt pkt. 5.2 e); krav til vurdering av påverknad av farleia og til plan for navigasjonsinnretningar i anleggsperioden og permanent.
- Pkt. 5.3 b); tilføyd at vilkår i løyve etter forureiningslova må følgjast opp i byggeperioden
- Pkt. 5.3 e), siste kulepkt; tilføyd tidsbruk skal skisserast for både arbeid frå sjø og frå land.

- Nytt pkt. 5.3. f)-g) som gjeld rekkjefølgjekrav knytt til avkøyrslene
- Nytt pkt. 5.3 h) som gjeld rekkjefølgjekrav om analyse tiltaket sin påverknad av strøymingsforhold og økologiske forhold i Ulvesundet, med avbøtande tiltak.
- Pkt. 5.4 a); tilføyd at avkøyrslene i planen skal vere opparbeidd og ferdigstilt før bruksløyve for bygg i felt NÆ.
- Nytt pkt. 5.4 f); krav om at permanente navigasjonsinnretningar skal vere etablert og ferdigstilt før bruksløyve for fyllinga

SAMLA VURDERING

Revidert planforslag imøteser motsegn frå NVE vedk. fare for områdeskred av kvikkleire. Motsegna er no trekt, og kommunestyret kan gjere endeleg planvedtak.

Kommunaldirektøren ser at planforslaget skulle vore betre utgreidd før det vart fatta vedtak i saka, men har ut frå dei samfunnsmessige sidene ved saka der framdrift i vedtaks-prosessen er viktig, vurdert at rekkjefølgjekrav knytt til straumtilhøve og økologisk påverknad, vil kunne delvis imøtekome mangelen i planarbeidet.

Alternativet til å legge saka fram til vedtak, vil vere å krevje konsekvensutgreiing av tema klima, samt utgreiing undersøking/analyse som viser fyllinga sin påverknad for og endring av straumtilhøva på staden, saman med konsekvens for dei økologiske forhold i Ulvesundet, før slutthandsaming av planforslaget. Basert på utgreiingar og undersøkingar/analyse, vil ein då kunne vurdere endring av utfyllinga og/eller avbøtande tiltak før vidare prosess/slutthandsaming.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, blir vedteke med dei endringar som framgår av plankart og føresegner sist revidert 12.12.2023.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunen

Miljømessige konsekvensar:

Framgår av sak og plandokument.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med aktuelle forskrifter

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

Utsettingsforslag for utgreiing klimakomsekvenser Skårastranda - Kinn AP, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Det må gjøres ytterligere vurderinger av konsekvenser for biologisk mangfold og endringer av strømningsforhold som følger av utfylling ut til Leistholmen. Utredningen må svare på klimautslipp i forhold til reduksjon av stortareforekomst og endringer av leveforhold over og under havoverflata.

Habilitetsvurdering av Gustav Johan Nydal (KRF) som er styreleiar i Nordvestvinduet, som er eit av selskapa som har bedt om massar frå Stad skipstunnel.

Habilitetsvurdering av Dagrún Kvalheim (Høgre) som er styremedlem i Nordvestvinduet. Kommunedirektøren orienterte om at denne saka omhandlar offentleg regulering av eit område der ein skal tilrettelegge for industri, og saka berørar ikkje om ein skal motta stein eller ikkje. Kommunedirektøren tilrår at repr. Nydal og Kvalheim blir erklært habil i saka.

Nydal og Kvalheim erklært inhabile i saka mot 10 røyster frå SV, Raudt, SP og KRF v/ Vig.

Habilitetsvurdering av Frank Willy Djuvik (FRP) som er dagleg leiar i Måløy adventure. Kommunedirektøren orienterte om at spørsmålet er om det føreligg ein sær eigen interesse i saka, og sjølv om det er vist til eit cruisebilete, vurderer kommunedirektøren det slik at koplingen ikkje er så direkte at det har noko å sei for saka. Vurderer han som habil i saka.

Djuvik samrøystes erklært habil i saka.

Røysting:

Utsettingsforslag frå AP falt med 14 røyster (8 AP, 4 Raudt, 1 KRF v/ Vig og 1 Venstre v/ Nødseth).

Innstilling frå plan- og miljøutvalet vedtatt mot 16 røyster (8 AP, 4 Raudt, 2 SV, 1 KRF v/ Vig og 1 Venstre v/Nødseth).

KOST- 003/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, med plankart og føresegnar sist datert 12.12.2023, planomtale med Konsekvensutgreiing datert 04.10.2023, ROS-analyse datert 12.09.2023.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt tilpassing i planomtale og ROS-analyse.
3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegnar blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av følgjande plan:

· Eldre reguleringsplan for Rv 617 Måløy-Raudeberg, PlanID 1439200503.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 19.12.2023:

Utredning av konsekvenser ved utbygging av Skårastranda, foreslått av Doris

Christensen, Kinn Arbeiderparti

Kinn AP ber om at det gjøres vurderingar av dei konsekvensene for biologisk mangfold og endringar ved strømningsforhold.

Utredningen må svare på klimautlipp i forhold til reduksjon av stortareforekomsten og endringar av leveforhold biologisk mangfold over og under havoverflata.

Orientering v/ avdelingsleiar arealplan, Janicke Svendal.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 5 røyster (1 SP v/ Midtbø, 2 Høgre v/ Vågene og Hovland, 1 Inp v/ Holvik og 1 Frp v/ Refvik)

Forslag frå AP v/ repr. Christensen falt med 4 røyster (2 AP v/ Christensen og Øvrelid, 1 Raudt v/Husevåg og 1 KRF v/ Nydal)

PMUV- 096/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, med plankart og føresegnar sist datert 12.12.2023, planomtale med Konsekvensutgreiing datert 04.10.2023, ROS-analyse datert 12.09.2023.
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde, inkludert naudsynt

tilpassing i planomtale og ROS-analyse.

3. Del av reguleringsplan som Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl, næring. PlanID 20210112, får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir samstundes oppheva. Dette gjeld del av følgjande plan:

- Eldre reguleringsplan for Rv 617 Måløy-Raudeberg, PlanID 1439200503.

Vedlegg i saken:

Innkomne merknadar høyring_RP-Skårastranda

NVE trekker motsegn - Detaljreguleringsplan for Skårastranda - Gnr. 318 bnr. 2 mfl
4729732_1_1

Plankart Skårastranda_Rev_20231212-A1

Føresegner Skårastranda_Rev1_20231212

Planomtale Skårastranda 041023

V03 ROS Skårastranda 120923

V04 VAO rammeplan Skårastranda_220509

V05 Notat vegløsninger Skårastranda 120923

V06 Vegprofilar Skårastranda 100323

V09 Marinarkeologiske registreringer Skårastranda

V10 Skårastranda_Miljøgeologisk sedimentundersøking

V12 10244036-02-RIA-RAP-001-Støyutredning -Skårastranda


V13 Faglig vurdering av påvirkning på naturmangfold

V14 10244036-RIG-RAP-002_rev00 - Vurdering av områdestabilitet

V15 10244036-RIG-RAP-003_rev00 - Geoteknisk vurdering reguleringsplannivå
Skårastranda kontrollnotat 2019

Norconsult_Kartlegging av tareskog_skjellsandforekomster_20211202

Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr 318/2 mfl,
næring. PlanID 20210112



Arkiv: PlanID-20220101,
PlanNamn-
detaljregulering
"sentrumstomta",
gbnr 315/62 mfl,
sentrumsformål,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-315/299
JournalpostID: 24/6565
Sakshandsamar: Janicke Svendal
Dato: 31.01.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/24	Plan- og miljøutvalet	06.02.2024
004/24	Kommunestyret	08.02.2024

Sluttbehandling - Detaljregulering "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101

KOST- 004/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101, med plankart, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing sist datert 05.10.2023, og føresegner sist datert 30.01.2024 (Rev2), samt tilhøyrande illustrasjonar og utgreiingar.

2. Reguleringsplanar / delar av reguleringsplanar som Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101 får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir oppheva. Dette gjeld heile/delar av følgjande planar:

- Eldre Områdeplan for Måløy sentrum, datert 02.06.2010, planID: 1439200905 (heile planen).
- Eldre reguleringsplan for Måløy sentrum, av 24.03.1994. PlanID 1439199401 (delar av planen)
- Eldre reguleringsplan for Måløy torg, av 07.04.1999. PlanID 1439199906 (delar av planen)
- Eldre bebyggelsesplan for Måløy torg, av 07.04.1999, planID 1439199905 (delar av planen).

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

4. Første etasje på byggene i SF skal opne for ein god blanding mellom næringsformål og publikumsretta aktivitet.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 06.02.2024

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101, med plankart, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing sist datert 05.10.2023, og føresegner sist datert 30.01.2024 (Rev2), samt tilhøyrande illustrasjonar og utgreiingar.

2. Reguleringsplanar / delar av reguleringsplanar som Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101 får

konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir oppheva. Dette gjeld heile/delar av følgjande planar:

- Eldre Områdeplan for Måløy sentrum, datert 02.06.2010, planID: 1439200905 (heile planen).
- Eldre reguleringsplan for Måløy sentrum, av 24.03.1994. PlanID 1439199401 (delar av planen)
- Eldre reguleringsplan for Måløy torg, av 07.04.1999. PlanID 1439199906 (delar av planen)
- Eldre bebyggelsesplan for Måløy torg, av 07.04.1999, planID 1439199905 (delar av planen).

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

4. Første etasje på bygg i SF skal vere næringsformål, eller ha publikumsretta aktivitet.

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101, med plankart, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing sist datert 05.10.2023, og føresegner sist datert 30.01.2024 (Rev2), samt tilhøyrande illustrasjonar og utgreiingar.
 - 2.
 3. Reguleringsplanar / delar av reguleringsplanar som Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101 får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir oppheva. Dette gjeld heile/delar av følgjande planar:
 - Eldre Områdeplan for Måløy sentrum, datert 02.06.2010, planID: 1439200905 (heile planen).
 - Eldre reguleringsplan for Måløy sentrum, av 24.03.1994. PlanID 1439199401 (delar av planen)
 - Eldre reguleringsplan for Måløy torg, av 07.04.1999. PlanID 1439199906 (delar av planen)
 - Eldre bebyggelsesplan for Måløy torg, av 07.04.1999, planID 1439199905 (delar av planen).
3. Kommunedirektøren skal før kunngjering sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

KVA SAKA GJELD

iVest Consult AS har på vegne av Ariel Eigedom AS utarbeidd forslag til detaljregulering for «Sentrumstomta» i Måløy, med sikte på utfylling i sjø og etablering av bygg med sentrumsfunksjonar på ny tomt. Plan opnar t.d. for forretning, tenesteyting, kulturhus, kontor, hotell, bevertning, bustad, svømmeanlegg, med tilhøyrande varelevering parkering og gatetun.

Ved offentleg høyring av planforslaget vart det fremma motsegn frå NVE og Vestland fylkeskommune. Etter drøftingssak i planutvalet vart revidert planforslag lagt på forenkla ny høyring. Motsegner mot planforslaget er avklarte gjennom planprosess. Planforslaget inneber interessemotsetnader i høve utbyggingsvolum, utnyttingsgrad, tiltaket sin påverknad for omgjevnadane og trafikktryggleik. Kinn kommune har gjennom prosessen halde fast ved at ein ønskjer tilrettelegging for utbygging basert på forslag frå

forslagsstillar.

Plan- og miljøutvalet har i sak 093/23 (jpnr. 23/51799) gitt mellombels dispensasjon og rammeløyve for fylling i sjø i planområdet.

INNLEIING

Planforslaget

Forslag til detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål, Planid 20220101, er motteke frå iVest Consult AS på vegne av Ariel Eigedom AS. Planforslaget som skal behandlast, består av:

1. Plankart i målestokk 1:1000, sist datert 05.10.2023
2. Reguleringsføresegner, sist datert, 30.01.2024 (Rev.2)

Planforslaget legg opp til utbygging rundt eit gatetun vest-aust og tversgåande gatetun nord-sør, med gang-/kaiareal mot sjø, samt småbåthamn og badeanlegg i sjø i sør. Utbyggingsområda er sett av til sentrumsformål (SF), med funksjonar som t.d. forretning, tenesteyting, kulturhus, kontor, hotell, bevertning, bustad, svømmeanlegg, med tilhøyrande varelevering og grøntareal. Utnyttingsgrad er sett til BYA=100%, med byggegrense i formålsgrense. Det er opna for parkeringshus i område SF2, SF5 og SF6.

I område er det tenkt følgjande etasjehøgder:

- 3. etg: SF1
- 5 etg.: SF2 og SF6
- 6 etg.: SF5
- 11. etg: SF4
- 13. etg. SF3

Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket elles, går fram av forslaget med tilhøyrande beskriving.

Formålet med reguleringa

Forslagsstillar har opplyst at formålet med reguleringa først er å legge til rette for vidare utfylling innanfor aktuelt område med massar frå Stad skipstunnel. Vidare er hovudformål med reguleringsplanen å legge til rette for sentrumsutvikling med byggetiltak som vil fremje aktivitet og styrke næringslivet i Måløy sentrum.

Forhold til overordna planar

Kommuneplan:

I kommuneplanens arealdel frå 2002 (ikkje rettskraftig), er eit mindre areal i vestre del, langs Sjøgata, avsett til bybebyggelse. Resterande del er vist som ferdselsområde og annan særskilt bruk eller vern (AO, oppankring og FH, fiskerihamn).

I forslag til ny kommuneplan, som var utlagt til offentlig ettersyn i perioden 07.07.23 – 03.11.23, er omsøkt landareal føreslått til sentrumsformål (SF006), med krav om detaljregulering med avklaring av forhold omkring stabilitet, VA-kapasitet, visualisering i forhold til bybildet i sin heilheit og fjernverknad. Det er føreslått utvikling av området med ulike høgde på bygga (3-13 etg), og krav om samanhengande grønt-/uteopphaldsareal tilgjengeleg for ålmenta med gode kvalitetar m.h.t. estetikk, solforhold og lokalklima. Sjøareala er føreslått til hamneformål.

Reguleringsplan:

Eldre Områdeplan for Måløy sentrum frå 2010 (planID 1439200905, ligg innanfor omsøkt planområde, der formålet var tilrettelegging for etablering av massar i sjø, men med krav om ny detaljregulering før etablering av bygg på tomta. Landareal i gjeldande plan omfattar litt meir enn dagens etablerte utfylling, og er regulert til sentrumsformål på

land. Denne vert foreslått oppheva ved godkjenning av ny detaljregulering.

Omsøkt detaljregulering for Sentrumstomta omfattar og del av eldre regulerings-/og utbyggingsplan for Måløy Torg (PlanID 1439199906 og 1439199905), der areal regulert til trafikk i sjø, no er foreslått til nytt landareal, samt del av eldre detaljreguleringsplan for Måløy sentrum (planID 1439199401). Delar av desse vert foreslått oppheva/endra ved godkjenning av ny detaljregulering

Kommunen har i prosess ny områdeplan for Måløy sentrum, der både utfylling av landareal og byggehøgde for Sentrumstomta er mindre enn forslag til ny detaljregulering. Størst er avviket i forhold til byggehøgde. Områdeplan-forslaget har vore på høyring, men er ikkje slutført.

Førstegongshandsaming

Planforslaget blei førstegongshandsama av Plan-, miljø og næringsutvalet den 04.10.2022, sak 072/22, sjå prenta vedlegg. Utvalet vedtok å fremje saka, sende den på høyring og leggje den ut til offentleg ettersyn.

I etterkant av offentleg høyring, var saka og fremma som drøftingssak for plan-, miljø og næringsutvalet den 18.09.2023, sak 064/23, sjå prenta vedlegg

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 28.10.2022 – 09.12.2022. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til statlege og regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Etter førepurnad vart det gitt forlenga frist til 31.01.2023 for fleire av dei offentlege instansane. Det kom inn totalt 11 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eigne prenta vedlegg.

Motsegner og ny forenkla høyring

Ved offentleg høyring fremma NVE og Vestland fylkeskommune motsegn mot planframlegget. Desse vart vurderte i drøftingssak PMNUV-064/23, og motsegn frå NVE vart rekt basert på oppdatert geoteknisk vurdering. Basert på innspel og motsegn vart det gjort endringar i planforslaget, og revidert planforslag vart sendt på forenkla høyring, samt avklaring til Vestland fylkeskommune i høve deira motsegn. Fylkeskommunen har kome med kritiske merknader til revidert planframlegg, men har ikkje varsla motsegn.

Det er heller ikkje varsla motsegner frå andre offentlege instansar til den reviderte planen. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

VURDERING

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av prenta vedlegg med oppsummering av merknadar frå offentleg høyring (oppdatert med etterskrift) og frå forenkla høyring.

Merknadane viser at både offentlege instansar og private partar stiller seg kritiske til bygningsvolum som planen opnar for. Vestland fylkeskommune peiker på moment som at volum, utnyttingsgrad og utforming som planen opnar for vil bryte med Måløy by sin eigenart, påverke byområdet rundt tomte, redusere solkvalitet, auke vindtrykk mellom husa, samt at kaikant mot sjø er for smal til å ivareta ålmenta sin tilgang på ein god

måte. Det er og kome kritiske merknader til parkeringshus inne i planområdet, der tilkomst må skje over gatetun. Det er og merknader til trafikktryggleik i og omkring planområdet.

Motsegner

Det er gjort endringar i planforslaget for å rette seg etter tidlegare motsegn frå NVE og Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen v/fylkesutvalet har ikkje fremma motsegn mot det reviderte planforslaget, og motsegna er såleis trekt. Motsegn frå NVE er trekt i eige brev (brev frå NVE og saksutgreiing med vedtak frå fylkeskommunen er vedlagt som prenta vedlegg). Kommunestyret kan ut frå dette gjere endeleg planvedtak.

Endringar etter førstegongsbehandling og forenkla høyring

I etterkant av offentleg høyring vart det gjort endringar i planframlegget, der det er opna meir på gateplan enn i forslaget som var utlagt på offentleg høyring, medan byggehøgder i aust og vest er behalde. Basert på vedtak i drøftingssak for Plan-, miljø og næringsutvalet, sak 064/23, vart det endra planforslaget sendt på forenkla høyring, for å sikre god saksprosess og høyring av utførte endringar, samt avklare motsegn.

Plan- og miljøutvalet har i sak 093/23 (jpnr. 23/51799) gitt mellombels dispensasjon og rammeløyve for fylling i sjø i planområdet.

Basert på innspel frå høyringane, vilkår i dispensasjon, og som ledd i kvalitetssikringa av planforslaget, er det foreslått mindre endringar i føresegnene for nærare presisering av einskilde moment. Endringane er viste med raud skrift i vedlagte føresegner siste datert 30.01.2024 (Rev.2).

For plankart, planomtale, konsekvensutgreiing, ROS-analyse og tilhøyrande illustrasjonar og utgreiingar, er desse foreslått godkjent slik dei var utlagt på forenkla høyring.

SAMLA VURDERING

Planforslaget har vore gjennom ei omfattande prosess der motsegner er avklarte. Det er interessemotsetnader i høve utbyggingsvolum, utnyttingsgrad, tiltaket sin påverknad for omgjenvadane og trafikktryggleik. Kinn kommune har gjennom prosessen halde fast ved at ein ønskjer tilrettelegging for utbygging basert på forslag frå forslagsstillar.

Plan- og miljøutvalet har i sak 093/23 (jpnr. 23/51799) gitt mellombels dispensasjon og rammeløyve for fylling i sjø i planområdet.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål, Planid 20220101, blir vedteke med framlagde forslag til mindre justeringar i føresegnene.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for Kinn kommune

Miljømessige konsekvensar:

Framgår av planforslag

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

Nytt pkt 4, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre
Første etasje på byggene i SF skal opne for ein god blanding mellom næringsformål og

publikumsretta aktivitet.

Habilitetsvurdering av Hilmar Eliasson som jobbar i iVest Consult og er medeigar i firmaet, og Gustav Johan Nydal som sitt i styre i iVest Consult. Kommunedirektøren vurderer det slik at representantane Eliasson og Nydal bør bli erklært habil i sak, då vedtaket ikkje har praktiske eller økonomiske konsekvensar for dei. Eliasson og Nydal samrøystes erklært habil i saka.

Habilitetsvurdering av Dagrun Kvalheim som sit i leiargruppa i Sætren AS, og er ein av partane som har kome med merknadar i den offentlege høyringa. Kommunedirektøren orienterte om at når ein har levert innspel til ein plan som grunneigar eller på anna måte har interesser, blir Sætren AS part i saka. Etter forvaltningslova §6-1 vil medlemmer av styre og leiargruppa blir omfatta av partsomgrepet og såleis intreff innhabilt. I §6-1 er det referert til daglege leiar eller leiande stilling. Sidan Kvalheim sit i leiargruppa blir dette ei «ei leiande stilling», og vil då vere innhabilt. Kvalheim vart samrøystes erklært inhabil i saka.

Røysting:

Innstilling frå plan- og miljøutvalet inkludert nytt pkt 4 vedtatt mot 4 røyster frå Raudt.

KOST- 004/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101, med plankart, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing sist datert 05.10.2023, og føresegner sist datert 30.01.2024 (Rev2), samt tilhøyrande illustrasjonar og utgreiingar.

2. Reguleringsplanar / delar av reguleringsplanar som Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101 får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir oppheva. Dette gjeld heile/delar av følgjande planar:

- Eldre Områdeplan for Måløy sentrum, datert 02.06.2010, planID: 1439200905 (heile planen).
- Eldre reguleringsplan for Måløy sentrum, av 24.03.1994. PlanID 1439199401 (delar av planen)
- Eldre reguleringsplan for Måløy torg, av 07.04.1999. PlanID 1439199906 (delar av planen)
- Eldre bebyggelsesplan for Måløy torg, av 07.04.1999, planID 1439199905 (delar av planen).

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

4. Første etasje på byggene i SF skal opne for ein god blanding mellom næringsformål og publikumsretta aktivitet.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 06.02.2024:

Forslag til tillegg/ending til føresegningane kap.3., foreslått av Trine Merete Hovland, Kinn Høyre
Første etasje på bygg i SF skal vere næringsformål, eller ha publikumsretta aktivitet. Kinn Høyre.

Røysting:

Tilleggsforslag frå Høgre vedtatt med 5 røyster frå H v/ Vågane og Hovland, INP v/ Holvik, AP V/Christensen og Nygård.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 1 røyst frå Raudt v/ Geir

Oldeide.

PMUV- 009/24 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101, med plankart, planomtale, ROS-analyse og konsekvensutgreiing sist datert 05.10.2023, og føresegner sist datert 30.01.2024 (Rev2), samt tilhøyrande illustrasjonar og utgreiingar.

2. Reguleringsplanar / delar av reguleringsplanar som Detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/62 mfl, sentrumsformål. PlanID 20220101 får konsekvensar for, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner blir oppheva. Dette gjeld heile/delar av følgjande planar:

- Eldre Områdeplan for Måløy sentrum, datert 02.06.2010, planID: 1439200905 (heile planen).
- Eldre reguleringsplan for Måløy sentrum, av 24.03.1994. PlanID 1439199401 (delar av planen)
- Eldre reguleringsplan for Måløy torg, av 07.04.1999. PlanID 1439199906 (delar av planen)
- Eldre bebyggelsesplan for Måløy torg, av 07.04.1999, planID 1439199905 (delar av planen).

3. Kommunedirektøren skal før kunngjering sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

4. Første etasje på bygg i SF skal vere næringsformål, eller ha publikumsretta aktivitet.

Vedlegg i saken:

20220101_Sentrumstomta_Merknadshandsaming_Off høyring_m-etterskrift

20220101_Sentrumstomta_Merknadshandsaming_Forenkla høyring

Plansak for offentlig ettersyn - Privat detaljregulering for "Sentrumstomta" i Måløy, gbnr. 315/299 mfl., sentrumsformål. Planid 20220101

Drøftingssak - merknadshandsaming og avklaring av vidare prosess for handtering av motesegner. Detaljregulering for "sentrumstomta" i Måløy, gbnr. 315/299 mfl, sentrumsformål - planid 20220101.

01_PLANOMTALE Sentrumstomta Måløy revidert 20231005

02_FØRESEGNER_Sentrumstomta i Måløy_Rev2_20240130_raud

03_PLANKART Sentrumstomta i Måløy revidert 20231005

V01_ROS ANALYSE Sentrumstomta Måløy_20231005

V02_KONSEKVENSENTGREIING Sentrumstomta Måløy 20231005_

V03_Trafikkvurdering_RP_Sentrumstomta Måløy_revidert 20231005

V04_Illustrasjonshefte_20231005_

V05_Mulighetsstudie_for_sentrumstomta i Måløy datert 20220907

V06_Illustrasjon PLANKART Sentrumstomta i Måløy rev 2023100


V08_Kartleggingsrapport Veseth AS

V09_Miljørisikoanalyse for utfylling i Måløy Sentrum_STIM

V10_10245829-RIG-NOT-001_rev01

NVE trekker motsegn til reguleringsplan for Sentrumstomta i Måløy - Kinn kommune
Saksframlegg med vedtak

Godkjent Planprogram - Detaljregulering for Sentrumstomta i Måløy, gbnr 315-299 mfl, sentrumsformål.



Saksnr.	Utval	Møtedato
012/24	Formannskapet	01.02.2024
005/24	Kommunestyret	08.02.2024

Gebyrsatsar 2024 renovasjon

KOST- 005/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 01.02.2024

Gebyrsatsar renovasjon for år 2024 blir vedtatt i tråd med Nomil styre sitt framlegg, dvs 5% auke. Gebyrregulativ blir oppdatert i tråd med dette.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gebyrsatsar renovasjon for år 2024 blir vedtatt i tråd med Nomil styre sitt framlegg, dvs 5% auke. Gebyrregulativ blir oppdatert i tråd med dette.

Bakgrunn for saka:

Under den ordinære budsjettprosessen 2023 vart det oversendt eit feil gebyrgrunnlag frå Nomil. Kommunestyret i Kinn må no formelt vedta dei nye satsane før ein har heimel til å krevje inn nye gebyr.

Saksopplysningar:

I september tok kommunen i mot ei oversending frå Nomil med dei nye satsane, som då vart lagt inn i kommunen sitt gebyrregulativ og vart sendt til behandling i den ordinære budsjettprosessen. Tidleg i januar vart kommunen kontakta av Nomil om at det vart gjort ein feil med satsane, og administrasjonen vurderer det slik at kommunestyret må gjere eit nytt vedtak for å rette opp denne feilen. Intensjonen frå styret i Nomil var heile tida 5% auke, men i oversendinga var satsane feil utrekna.

Tabellen under viser kva satsar som vart vedtekne og kva satsar som er rette.

	Retta satsar:	Feil vedteke satsar:
Standardabonnement	4 837 kr	4 734 kr
Standard med frådag - einsleg	3 950 kr	3 848 kr
Fråtrekk for kompost, standard	1 213 kr	1 213 kr
Fråtrekk for kompost, einpersonshushald	843 kr	842 kr
Rabatt for deling	887 kr	888 kr
Rabatt for einsleg	887 kr	888 kr
Fritidsabonnement		
kategori 1 - høg sats	2 418 kr	2 367 kr
Kategori 2 - middels sats	1 415 kr	1 420 kr
Kategori 3 - låg sats	484 kr	473 kr
Restavfallsbeholdar 140 l	1 598 kr	1 565 kr
Restavfallsbeholdar 240 l	2 195 kr	2 149 kr
Restavfallsbeholdar 660 l	4 705 kr	4 605 kr
Restavfallsbeholdar 1000 l	7 475 kr	7 315 kr
Returpirhaldar 140 l	1 229 kr	1 203 kr
Returpirhaldar 240 l	1 558 kr	1 525 kr
Returpirhaldar 660 l	2 956 kr	2 894 kr
Returpirhaldar 1000 l	4 480 kr	4 385 kr
Våtorganisk avfallsbeholdar 140 l	2 010 kr	1 970 kr
Konteiner for glas og metall 140 l	104 kr	102 kr
Kjøp av enkeltsekk	129 kr	127 kr
Pris rull a 10 sekkar	1 120 kr	1 096 kr
Inn- og utlevering av dunkar - endringar:		
Pris pr.beholdar (140 liter og 240 liter)	377 kr	369 kr
Pris pr. beholdar (660 liter og 1000 liter)	568 kr	556 kr

Vurderingar:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar dei nye satsane i tråd med styret i Nomil sitt framlegg.

Økonomiske konsekvensar:

Dei nye satsane legg opp til ei auke på 5% på renovasjonsgebyret.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

KOST- 005/24 Vedtak:

Sak utsatt.


Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 012/24 Vedtak:

Gebyrsatsar renovasjon for år 2024 blir vedtatt i tråd med Nomil styre sitt framlegg, dvs 5% auke. Gebyrregulativ blir oppdatert i tråd med dette.



Saksnr.	Utval	Møtedato
019/24	Formannskapet	01.02.2024
006/24	Kommunestyret	08.02.2024

Gjenopning av kjøkken i Måløy

KOST- 006/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 01.02.2024

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester fra KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester fra KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 179/23, Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024-2027: «Kommunedirektøren bes gjennomføre gjenåpning av kommunalt kjøkken i Måløy, innen 1. Mars 2024. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med en sak i løpet av Januar 2024».

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 075/23 at kjøkkenet i Måløy skulle gjenopnast gjennom at budsjett til matkjøp skulle delast med 40% på drift av kjøkken i Måløy og 60% til kjøp av tenester i Florø frå KF Bordgleder. Kommunestyret må ha basert sitt vedtak på ein feil som må rettast opp.

Budsjett for 2024 byggjer på kostnader til matproduksjon på 13,7 mill. Det er rett som det står i budsjett for 2023 til KF Bordgleder sitt budsjettframlegg at kommunen kjøper tenester for 18,8 mill. kr. Denne posten inneheld også «tørr mat». Denne andelen utgjør

kring 5 mill. Frå 2024 er det avtalt at denne skal institusjonane sjølv ha ansvar for å kjøpe inn. Ordninga med at dei kjøper inn og distribuerer «tørre mat» har skapt ein del utfordringar med omsyn på logistikk og kostnader. Bordglede har hatt eit påslag for desse tenestene. Tenestene har derfor i mange samanhengar funne rimelegare løysingar sjølv. Såleis er det ikkje mogeleg å dele 18,8 mill. kr. på 40%/60% på høvesvis Måløy kjøkken og Bordgleder.

I sak 145/23 vart det gjort greie for kostnader ved ulike alternativ for matproduksjon ved kjøkkenet i Måløy. Desse utgreiingane vart også sendt som Notat til Formannskapet 10.11.2023.

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram 2024-2027, er det ikkje funne dekning for dei kostnadane som gjenopning av kjøkkenet i Måløy fører til. Bordgleder, som må ta ned produksjonen med 123 porsjoner kvar dag, vil få reduksjon i inntektene, og skisserer også behov for å få tilført midlar.

Vurderingar:

Under er det satt opp kostnader ved dei to ulike alternativa for matproduksjon ved kjøkkenet i Måløy, med kok-server enten 5 eller 7 dagar i veka. Prisane er oppdatert til 2024 prisar.

	I dag (2024 prisar)	Årsverk	
		3	4,5
		Alt 1	Alt 2
		5 dagar i veka Kok/server	7 dagar i veka Kok/server
Kjøp fra Bordgleder	5 083 012	0	0
Løn		2 100 000	3 375 000
Råvarekostnader		2 220 000	3 241 200
Andre kostnader		500 000	500 000
Eksternt kjøp (helg og helligd)		1 945 258	0
Sum kostander	5 083 012	6 765 258	7 116 200
Behov for rammeauke	0	1 682 246	2 033 188

Føresetnader :	kr.
Løn pr. årsverk	700 000
Løn pr. årsverk inkl lør/søn og helligdag	750 000
Tal middagar (porsjonar pr. dag)	111
Tal produserte middagar (porsjonar pr. år) Alt 1	27 750
Tal produserte middagar (porsjonar pr. år) Alt 2	40 515
Eksternt kjøp, porsjonar pr år	12 765
Andre kostnader	500 000
Råvarekostnad pr produserte porsjon middag	80
Pris eksternt kjøp pr porsjon middag, oppdatert 08.01.24 H Halvorsen	152,39
Dagens pris 2024, indeksregulert 4,8 %	125,46

Kommentar «I dag»:

Denne viser kostnaden i dag, der middagar vert produsert og levert av Bordgleder. Det vert dagleg produsert/levert 111 porsjonar til Måløy, kvar til ein pris av 125,46 (2024 prisar), som gir dette reknestykket:
 $111 \text{ middagar} * \text{à kr } 125,46 * 365 \text{ dagar i året} = 5\,083\,012,-$

Kommentar «Alt 1»:

I dette alternativet legg vi til grunn at kjøkkenet i Måløy produserar 111 porsjonar 5 dagar i veka (tilsvarar 250 dagar i året, 27 750 porsjonar pr år), og at middagar i samband med laurdag/søndag og helligdagar vert kjøpt frå ekstern leverandør (tilsvarar 115 dagar i året, 12 765 porsjonar pr år). Det er lagt til grunn at det er behov for 3 årsverk (inklusiv vikarar og sjukefråvær) til drift av dette alternativet. Løn pr årsverk vil i dette tilfellet være noko lågare enn løn pr årsverk i «Alt 2», då personalet ved kjøkkenet ikkje skal arbeide dagar som utløyser rett til ubekvemstillegg.

Samla gir dette alternativet ein årleg kostnad på kr 6 765 258,-, noko som er kr 1 682 246,- dyrare enn dagens løysing. I tillegg kjem transportkostnader av maten frå Florø til Måløy.

Kommentar «Alt 2»:

I dette alternativet legg vi til grunn at kjøkkenet i Måløy vert drifta 7 dagar i veka, og dermed produserar all middag sjølv. Det er lagt til grunn at det er behov for 4,5 årsverk (inklusiv vikarar og sjukefråvær) til drift av dette alternativet. Årsløna til personalet vert i tillegg noko høgare då dei skal arbeide på dagar som utløyser rett til ubekvemstillegg.

Samla gir dette alternativet ein årleg kostnad på kr 7 116 200, noko som er kr 2 254 400 dyrare enn dagens løysing.

Slik vil både «Alt 1» og «Alt 2» være dyrare enn dagens løysing, og medføre behov for rammeauke.

Tilleggsmoment:

Når Bordgleder ikkje lenger fullt ut skal levere til Måløy medfører ein prisauke for middagsleveransane i Florø- delen av kommunen.

Talmateriale produsert av Bordgleder tilseier ein kostnadsauke pr porsjon middag på kr 26,93 (ny pris pr porsjon 152,39 – opprinneleg 2024 pris 125,46)

Med ein årleg leveranse av middagar i Florø tilsvarende 58 194 porsjonar medfører det ein årleg kostnadsauke på kr 2 184.000,- . Dette kjem i tillegg til «Behov for rammeauke» som er berekna i alternativ 1 og 2 i tabellen øvst i dette dokumentet.

Framdriftsplan for gjenopning av kjøkken i Måløy

Før kjøkkenet i Måløy kan starte med produksjon av middag 5 dagar i uka er det en del som må på plass (j.fr vedlagt framdriftsplan). Det gjeld supplering av utstyr, ombygging av fryserom, tilsetting, opplæring og planlegging i saman med personale, bestilling av utstyr, varer m.m

Ein tilsettingsprosess vil minimum ta et par månader avhengig av vedkommandes noverande arbeidsforhold og avtale i høve oppseiingstid.

Administrasjonen har utarbeidd ei framdriftsplan som vi meiner er realistisk og som vil gje rom for ei god planlegging og opplæring/oppstart for dei tilsette. Det vil vere ein kritisk suksessfaktor for å lukkast at ein nyttar tid i starten til å etablere eit godt samarbeid mellom kjøkenpersonale, tilsette på omsorgssenteret og dei som skal levere mat til dei som bur heime.

Hospitering på kjøkken som ein kan samanlikne seg med, grundig planlegging og brei involvering i høve utarbeiding og prøvesmaking av meny vil vere med på å danne ein god plattform for oppstart og vidare drift.

Det vil og vere viktig å sette av tid før oppstart til revidering av gamle/utarbeiding av nye prosedyre og rutine for å sikre god internkontroll i kjøkkenet.

Full drift i kjøkkenet 6.5.24 ser vi på som realistisk forutsett at dei som vert tilsett i stillingane har høve til å tiltre stillingane i april 2024.

jan.24	feb.24	mar.24	apr.24	mai.24
Planlegge stillingsstørrelser,ansvarsomfang, kompetansekrav,lærling/lærebedrift? m.m.	Intervju med søkjarar	Tilsetting	Dei tilsette starter 01.04.24	Oppstart drift kjøkken Måløy 06.05.24
Utforme stillingsannonse og lyse ut	Tilsetting		Opplæring: Gjennomføre elektroniske kurs for opplæring.(Imatis,Compilo,Brannkurs m.m.) Hospitering på andre institusjonskjøkken (t.d.Selje)Oppstartsmøte med næraste leiar.	
Bestille og kjøpe inn utstyr som mangler	Utsending tilbud om stilling.		Gjennomgang kvalitetssystem og internkontrollsystem.Klar gjerding av kjøkken,lager, garderobe m.m.Planlegge og utarbeide logistikk /rutinebeskrivingar for drift av kjøkken.Utarbeiding arbeidsplan(ansvars og arbeidsoppgåve) Compilo. Starte arbeidet med meny.	
			Bli kjent i kjøkkenet.Endeleg utarbeiding av menyforslag.Utarbeiding arbeidsliste(arbeidsoppgåve i.l.a. dag/veke)Teste ut meny sammen med smakspanel, som godkjenner.	

Økonomiske konsekvensar:

Alternativ 1, kok server x5, kjøp frå Bordgleder helg og høgtid: 1 682 246

Alternativ 2, kok server x7: 2 033 188

Bordgleder, konsekvens av tapt salg: 1 567 164

Samla økonomikonsekvens dersom ein går for alternativ 1: 3.866.246

Samla økonomikonsekvens dersom ein går for alternativ 2: 4 217 188

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Kjøkkenet i Måløy vert gjenoppretta med kok/server 7 dagar i veka
2. Utgangspunktet er at dette skal gjerast med dei løyvingane som vart vedteke i budsjettet i desember.
3. Dersom det syner seg det trengst ytterlege løyvingar vert dette å ta ved 1. tertialrapport.
4. Kjøkkenet skal vere opna seinast 1. april

KOST- 006/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Utsettelsesforslag fra Arbeiderpartiet, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti
Saka vert utsett til budsjettrevisjon i juni.

Nytt forslag fra Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Kjøkkenet i Måløy vert gjenopprett med kok/server 7 dagar i veka
2. Utgangspunktet er at dette skal gjerast med dei løyvingane som vart vedteke i budsjettet i desember.
3. Dersom det syner seg det trengst ytterlege løyvingar vert dette å ta ved 1. tertialrapport.
4. Kjøkkenet skal vere opna seinast 1. april

Røysting:


Utsetjingsframlegg frå AP falt med 2 røyster frå AP.

Framlegg frå Raudt falt med 1 røyst frå Raudt.

Kommunedirektøren sitt framlegg vedtatt med 8 røyster (Sp, Sv, Frp, H og V). AP og Raudt stemde i mot.

FORM- 019/24 Vedtak:

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester fra KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.



Saksnr.	Utval	Møtedato
004/24	Oppvekst- og kulturutvalet	23.01.2024
007/24	Kommunestyret	08.02.2024

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

KOST- 007/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn, etter gjeldande opplæringslov § 9A-10, slik det går fram av vedlegg til saka.

Namn på vedlegg: *Utkast korrigert med høyringsinnspel – Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn.*

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn vil gjelde for perioden frå kommunestyrevedtak og til og med 31.07.2024.

I løpet av våren 2024 må forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn reviderast og tilpassast ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024.

Revidert forskrift om skolereglar for grunnskulane i Kinn, etter ny opplæringslov § 10-7, vert å legge fram for Kinn kommunestyre for endeleg vedtak i juni 2024, og skal gjelde som forskrift frå 01.08.2024.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 23.01.2024

Oppvekst og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn, etter gjeldande opplæringslov § 9A-10, slik det går fram av vedlegg til saka.

Namn på vedlegg: *Utkast korrigert med høyringsinnspel – Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn.*

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn vil gjelde for perioden frå kommunestyrevedtak og til og med 31.07.2024.

I løpet av våren 2024 må forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn reviderast og tilpassast ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024.

Revidert forskrift om skolereglar for grunnskulane i Kinn, etter ny opplæringslov § 10-7, vert å legge fram for Kinn kommunestyre for endeleg vedtak i juni 2024, og skal gjelde som forskrift frå 01.08.2024.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn, etter gjeldande opplæringslov § 9A-10, slik det

går fram av vedlegg til saka.

Namn på vedlegg: *Utkast korrigert med høyringsinnspel – Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn.*

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn vil gjelde for perioden frå kommunestyrevedtak og til og med 31.07.2024.

I løpet av våren 2024 må forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn reviderast og tilpassast ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024.

Revidert forskrift om skolereglar for grunnskulane i Kinn, etter ny opplæringslov § 10-7, vert å legge fram for Kinn kommunestyre for endeleg vedtak i juni 2024, og skal gjelde som forskrift frå 01.08.2024.

Bakgrunn for saka:

I henhold til opplæringslova § 9A-10, skal alle skular ha eit ordensreglement.

Utkast til *Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn* var handsama i Oppvekst og kulturutvalet 20.10.2023. Oppvekst og kulturutvalet gjorde slik vedtak i handsaminga av saka:

OPKUV-039/23 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Oppvekst og kulturutvalet sender høyringsutkastet Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn på høyring.

Aktuelle høyringsinstansar er skulane sine SU, foreldreråd, elevråd, skulemiljøutval, KFUG (kommunalt foreldreutval for grunnskule) og arbeidstakarorganisasjonane.

Høyringsfristen vert sett til 8. desember 2023.

Etter at høyringsfristen er ute, vert sak om *forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn* lagt fram for Oppvekst- og kulturutvalet til handsaming, før den går vidare til Kinn kommunestyre for endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Utkast til ordensreglement er utarbeidd og utforma i samsvar med føringar i Rundskriv Udir-8-2014, sist endra 30.03.2023.

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/Ordensreglement/Udir-8-2014/4-Hvem-har-ansvar-for-a-fastsette-et-ordensreglement/>

Det er også teke omsyn til korleis dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy sine ordensreglement er utforma, for å tydeleggjere ansvar og roller.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø (opplæringslova § 9A-2). Eit ordensreglement skal bidra til å få velfungerande skulemiljø. Ordensreglementet skal innhalde reglar om orden og åtferd, reglar om elevane sine rettar og plikter, reglar om tiltak og/eller sanksjonar som skal brukast dersom elevar bryt reglementet, og reglar om framgangsmåte når saker om brot på reglementet skal handsamast. Eit ordensreglement rettar seg såleis mot elevar, rektor, tilsette og foreldre/føresette til elevar ved skulen.

I tillegg til at kommunen skal fastsette forskrift om ordensreglement for grunnskulane på eit overordna nivå, kan kvar skule ha særreglar om orden og åtferd som er tilpassa lokale tilhøve ved kvar skule. Særreglar skal utformast i samarbeid og forståing med elevar og foreldre/føresette på den aktuelle skule, og skulen sitt skulemiljøutval skal uttale seg før rektor fattar vedtak.

I utforminga har det vore viktig at reglementet er forståeleg for alle partar.

I høyringsbrevet vart det særskilt oppfordra til å gje innspel på følgjande:

1. Er utkastet til ordensreglement utforma slik at elevane sine rettar og plikter kjem klart fram? – Innspel til forbetring?
2. Vil etterleving av reglementet bidra til å skape gode vilkår for læring og trivsel? Innspel til forbetring?
3. Er reglane for god orden tydelege nok? Innspel til forbetring?
4. Kjem det tydeleg fram i reglementet kva som er ønska årferd og uønska åtferd? Innspel til forbetring?
5. Innspel og kommentarar til sanksjonar ved brot på reglementet?
6. Har du innspel til andre punkt du meiner er viktig å ha med i eit overordna ordensreglement? (t.d innlevering av mobiltelefonar i undervisningstida? Ev. eige regelverk for elevar sin mobilbruk?)

Kinn kommune har mottatt 8 høyringsinnspel på framlegg til forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune. I saka vil kommunedirektøren ta stilling til dei ulike innspela knytt til punkta 1 til og med 6.

Høyringar som ikkje har merknadar til forskrift til ordensreglementet i form av innspel, vert ikkje kommentert særskilt.

Vurderingar:

I kommunedirektøren sin gjennomgang av høyringsinnspel, er det lagt vekt på at innspel til forbetring må samsvare med at *Forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune* skal utformast på eit overordna kommunalt nivå. Nokre av innspela er knytt til tilhøve på enkeltskular, og vil derfor kunne utdjupast i eit særreglement for den enkelte skule.

I vedlagt dokument til saka, *Utkast korrigert med høyringsinnspel - Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn*, er innspel til forbetring lagt inn med raud skrift.

Kommunedirektøren si vurdering av innspel til forbetring knytt til punkta 1 til og med 6:

1 Er utkast til ordensreglementet utforma slik at elevane sine rettar og plikter kjem klart fram?

Innspel til forbetring frå SU v/ Vågsøy ungdomsskule, klubben i Utdanningsforbundet v/ Vågsøy ungdomsskule

- § 9 Reglar for god åtferd
- Ha med punkt om eleven sin plikt til å vere aktiv og deltakande i vurderingssituasjonar.

Kommunedirektøren vurderer at eige punkt om at eleven skal vere aktiv og deltakande i vurderingssituasjonar vil tydeleggjere eleven sin rettar og plikter. Eige punkt om dette er lagt til i korrigert utkast under § 9.

2 Vil etterleving av reglementet bidra til å skape gode vilkår for læring og trivsel?

Innspel til forbetring frå klubben i Utdanningsforbundet v/Vågsøy ungdomsskule, stilt som eit spørsmål: Kjem det tydeleg nok fram at elevane skal ta vare på skulen og skulen sitt utstyr/møblar/inventar?

Kommunedirektøren vurderer at ivaretaking av skulen og skulen sin eigedom kan tydeleggjerast i reglementet. Det er lagt inn eige punkt om å ta vare på skulen og skulen sitt utstyr, møblar og inventar i § 8 *Reglar for god orden*.

Under § 9 *Reglar for god åtferd* er det også lagt inn eige punkt om at utøving av

skadeverk på skulen eller skulen sitt uteområde, skulen sitt utstyr, møblar og inventar er åtfærd/oppførsel som ikkje vert akseptert.

3 Er reglane for god orden tydelege nok?

Innspel til forbetring frå SU v/Skavøypoll skule

- I §8 står det at elevane skal følgje reglane for bruk av digitalt utstyr og program
- Her bør ein kanskje ta med noko om bruk av kunstig intelligens (KI)

Kommunedirektøren vurderer at punkt om å følgje reglar knytt til bruk av digitalt utstyr og program under § 8 *Reglar for god orden*, er dekkande slik det går fram i ordensreglementet.

4 Kjem det tydeleg fram i reglementet kva som er ønska årfærd og uønska åtfærd?

Innspel til forbetring frå SU v/Vågsøy ungdomsskule:

- Forslag til å endre overskrifta til «ikkje god åtfærd/orden er»
- Under kulepunkt: utføre skadeverk på andre sine eigedelar/eigedom *inkludert skulen sin eigedom*

Kommunedirektøren vurderer å ikkje endre overskrifter under § 9 *Reglar for god åtfærd*, då overskriftene tydeleggjer kva som er god åtfærd, og kva for åtfærd som ikkje vert akseptert.

Kommunedirektøren syner elles til kommentar og vurdering under spørsmål 2, knytt til kommentar om *skulen sin eigedom*.

Innspel til forbetring frå klubben i Utdanningsforbundet v/ Vågsøy ungdomsskule

- Like formuleringar i tekstutforminga
- Punktet om å vere aktiv deltakande og konsentrert i fagøktene bør stå under orden og ikkje under åtfærd.

Kommunedirektøren har gjort ei korrigeringslik at formuleringane i teksten er samsvarande. Kommunedirektøren vurderer at punktet om å vere aktiv deltakande og konsentrert i fagøktene kan stå under § 9 *Reglar for god åtfærd*.

Innspel til forbetring frå SU v/Skavøypoll skule

- Punkt om å halde seg innanfor skulen sitt område
- Punkt om sunn og fornuftig mat
- Tydelegare punkt om bruk av mobil og smartklokke

Kommunedirektøren vurderer at SU v/ Skavøypoll skule har gode innspel. Innspela vil likevel passe betre i eit særreglement for enkeltskulen enn i eit overordna reglement for alle skulane, då skulane er svært ulike. Kommunedirektøren tilføyer smartklokke i kulepunkt 2 under § 10 *Bruk av elektroniske hjelpemiddel*.

5 Innspel og kommentarar til sanksjonar ved brot på reglementet?

Innspel frå SU v/Vågsøy ungdomsskule, FAU v/ Vågsøy ungdomsskule

- §12 – 8 d) Foreldre skal varslast dersom ein elev bli bortvist også frå enkelttimar uansett trinn.

Kommunedirektøren vurderer å korrigere §12 - 8 d) slik at det er samsvar med punkt under § 17.

Innspel frå klubben i Utdanningsforbundet v/ Vågsøy ungdomsskule, stilt som spørsmål

- Er det realistisk for VUS å bruke bytte av skule ved brudd på reglementet?

§12, punkt 10 syner til regulering i opplæringslova § 8-1, der skuleeigar kan ta avgjerd om mellombels eller permanent byte av skule dersom ein elev utøver alvorlege og gjentekne brot på ordensreglementet. Kommunedirektøren ser at ein slik sanksjon kan vere utfordrande å gjennomføre på VUS. Det er likevel viktig at dette punktet står i ordensreglementer for resten av skulane dette kan vere aktuelt for.

6 Har du innspel til andre punkt du meiner er viktig å ha med i eit overordna ordensreglement? (t.d innlevering av mobiltelefonar i undervisningstida? Ev. eige regelverk for elevar sin mobilbruk?)

Innspel frå SU v/Vågsøy ungdomsskule

- vi ønsker at ordensreglementet også seier noko om bruk av «usunne»/sukkerholdige drikkevarer/snop/godteri utanom spesielle hendinger

Innspel frå klubben i Utdanningsforbundet v/Vågsøy ungdomsskule

- Regler for kosthold, (brus, energidrikk, snop etc.):
- Har Kinn kommune en kostholdsplan skolene må ta eit overordna hensyn til?
- Tillegg til et IKT- reglement:
- • Utlevert utstyr skal alltid være med tilstrekkelig ladet
- § 16 Erstatningsansvar: Erstatning for tapt/ ødelagt utstyr er begrensa opp til 5000 kr jmf. Erstatningsloven §1-2 pkt.2

Innspel frå SU v/Skavøypoll skule

- Vi syns at med dei klare signala ein har fått i det siste ang mobilbruk/smartklokker og bruk av skjerm i skulen, så kan ein vere litt offensive i ordensreglementet.

Kommunedirektøren vurderer at det er mange gode innspel til punkt i eit ordensreglement. Det vil likevel vere ein ballansegang om kva som skal inngå i eit overordna ordensreglement og kva som kan stå i eit særreglement for den einskilde skule. Dette må tilpassast, då skulane er ulike og eitt punkt kan passe for ein skule, men ikkje for ein annan.

Kommunedirektøren vurderer at reglar for kosthold må stå i eit særreglement for enkeltskulen. Helsedirektoratet har utarbeidd nasjonale faglege retningslinjer for mat og måltid i skulen som kan nyttast. Då kommunen ikkje organiserer matservering i skulen sin regi, vert dette vanskeleg å innarbeide i eit overordna ordensreglement.

Det må også vere opp til kvar enkelt skule å legge til rette for, og lage retningslinjer for kva/korleis elevane skal gå fram for at it-verkty skal vere tilstrekkeleg lada.

Digital kompetanse er ein av fleire grunnleggane kompetansar elevane skal tileigne seg i skulen. Det er viktig å finne gode ordningar for korleis slik kompetanse skal tileignast. Det er kommunedirektøren si vurdering at avgrensingar og tilpassingar/reglar må kvar skule inkludere i eigne særreglement.

Under § 16 Erstatningsansvar er det vist til skadeerstatningslova § 1.1 og 1.2. Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er naudsynt å vise til øvre grense for erstatningssum i eit ordensreglement.

Ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024

I ny opplæringslov gjeldande frå 01.08.2024 er det fleire bestemmelsar som legg føringar for når det skal fastsettast lokale forskrifter. Unntaket om å kunngjere lokalt fastsette forskrifter i Norsk Lovtidend etter forvaltningslova § 38, er også fjerna.

Kommunen må i løpet av vårhalvåret revidere og utarbeide fleire lokale forskrifter til 01.08.2024, når ny opplæringslov trer i kraft. Dette gjeld også forskrift om ordensreglement, eller forskrift om skoleregler etter ny opplæringslov § 10-7. Kommunedirektøren legg opp til ein prosess der utkastet til forskrift som nå har vore på høyring, vert handsama etter gjeldande opplæringslov, med vedtak i kommunestyret til å gjelde for våren 2024.

Kommunedirektøren tek sikte på at ei revidering og tilpassing av forskrift til ordensreglement etter gjeldande opplæringslov § 9A-10, til ny forskrift til skoleregler etter ny opplæringslov §10-7 kan gjennomførast i løpet av våren 2024. Ein revisjon vil først og fremst handle om å sikre at lovheimling og paragrafar er i samsvar med ny opplæringslov, og at nyansar i ny opplæringslov og føringar i forskrifter til opplæringslova som førebels er ute på høyring, vert korrekt.

Revidert forskrift til skoleregler etter ny opplæringslov § 10-7 vil bli lagt fram for Kinn kommunestyre for endeleg vedtak i juni 2024, og gjelde som lokal fastsett forskrift frå 01.08.2024.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Opplæringslova § 9A-10

Ny opplæringslov § 10-7, gjeldande frå 01.08.2024.

Rundskriv Udir-08-2014

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

Tilleggsforslag frå KrF, foreslått av Aud Norunn Vig, Kinn Kristelig Folkeparti
Barne og ungdomsskulane skal være mobilfrie i Kinn kommune.

Røysting:

Innstilling frå oppvekst- og kulturutvalet samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå KRF falt med 7 røyster (4 Raudt, 2 KRF og 1 SV v/ Olafsson).

KOST- 007/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn, etter gjeldande opplæringslov § 9A-10, slik det går fram av vedlegg til saka.

Namn på vedlegg: *Utkast korrigert med høyringsinnspel – Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn.*

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn vil gjelde for perioden frå kommunestyrevedtak og til og med 31.07.2024.

I løpet av våren 2024 må forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn reviderast og tilpassast ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024.

Revidert forskrift om skoleregler for grunnskulane i Kinn, etter ny opplæringslov § 10-7, vert å legge fram for Kinn kommunestyre for endeleg vedtak i juni 2024, og skal gjelde som forskrift frå 01.08.2024.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 23.01.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 004/24 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn, etter gjeldande opplæringslov § 9A-10, slik det går fram av vedlegg til saka.

Namn på vedlegg: *Utkast korrigert med høyringsinnspel – Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn.*

Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn vil gjelde for perioden frå kommunestyrevedtak og til og med 31.07.2024.

I løpet av våren 2024 må forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn reviderast og tilpassast ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024.

Revidert forskrift om skolereglar for grunnskulane i Kinn, etter ny opplæringslov § 10-7, vert å legge fram for Kinn kommunestyre for endeleg vedtak i juni 2024, og skal gjelde som forskrift frå 01.08.2024.

Vedlegg i saken:

Innspill til forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

Innspill til forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

Svar høyring ordensreglement frå Skavøypoll SU 20.11.2023

Tilbakemelding på høyring ordensreglementet frå FAU-Vågsøy Ungdomsskule

Innspill til forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

Innspill til forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune


Utkast korrigert med høyringsinnspel - Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn

Innspill til forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

Innspill til forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

Høyring - Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn kommune

Høyringsutkast - Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Kinn



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/24	Oppvekst- og kulturutvalet	23.01.2024
008/24	Kommunestyret	08.02.2024

Vedtak om forskrift for skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune

KOST- 008/24 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

Vedtak som innstilling frå Oppvekst- og kulturutvalet - 23.01.2024

Oppvekst og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet innstiller til kommunestyret å vedta Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune, slik det går fram av vedlegget.

Bakgrunn for saka:

I henhold til opplæringslova § 2-2 skal kommunen kvart år fastsette Forskrift om plan for skule- og feriedagar for elevane i grunnskulen. Krav i forvaltningslova § 38 første ledd, bokstav c, om kunngjering i Norsk Lovtidens, gjeld ikkje etter dagens opplæringslov.

Fastsetting av plan for skuledagar, ferie og fridagar har i fleire år vore arbeidd med administrativt, og så lagt fram for sektoren sitt hovudutval som orienteringssak, jf kommunestryesak 25/19 *Delegeringsreglement* kap. 2.4.4 *Oppvekstforvaltning og kultur*.

Kinn kommunestyre fatta vedtak om *Politisk organisering og delegering* i sak 87/23. I kap 2.3 *Oppvekst og kulturutval*, 2.3.5 *Innstillingsrett*, punkt b) går det fram at Oppvekst og kulturutvalet skal innstille til kommunestyret, i sak om fastsetting av forskrift om skule- og feriedagar.

Høyringsutkast til Kommunal forskrift – Kinn kommune, Plan for skuledagar, feriedagar og fridagar skuleåret 2024-2025 var handsama i Oppvekst og kulturutvalet 20.10.2023. Oppvekst og kulturutvalet fatta slikt vedtak:

OPKUV- 040/23 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet sender utkast til Plan for skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune, på høyring til samarbeidsutvala ved skulane og barnehagane i kommunen, og til arbeidstakarorganisasjonane.

Siste skuledag er fredag 20. juni, og korrigering av undervisningsdagar i oktober og april.

Høyringsfrist: 4. desember 2023.

Kommunedirektøren legg nå fram sak til behandling i Oppvekst og kulturutvalet etter at høyringsfristen er ute.

Oppvekst og kulturutvalet innstiller i saka til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

I framlegg til ny opplæringslov med forskrifter gjeldande frå 01.08.2024, skal forskrift for skule- og feriedagar for elevane i grunnskulen, kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Kommunedirektøren vurderer at det vert riktig å utarbeid forskrift om skuledagar, ferie og fridagar for 2024-2025 i samsvar med føringar i ny opplæringslov, og følgje formkrav til utforming av forskrift, då forskrifta skal gjelde frå same tidspunkt som ny opplæringslov trer i kraft.

Fastsetting av forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune vil såleis bli handsama i tråd med nytt kunngjeringskrav slik det går fram av opplysningar kunngjort på www.udir.no sist endra 20.12.2023.

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025 i Kinn kommune, følgjer som vedlegg til saka.

Oppvekst og kulturutvalet innstiller i saka til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak.

Kinn kommune har mottatt 3 høyringsinnspel til utkast til kommunal forskrift til plan for skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2024-2025.

Vurderingar:

